# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 23/2011 Møtedato: 27.4.11 Møtestad: Slidretun Arkiv nr:

**S 875, Nørre Trøllhøvd – oppgradering av traktorveg**

Jan Erik Hagen søkjer om å få utbetre veg til stølen. Vegen har ikkje standard for å kjøre med bil og å rekne som ein traktorveg. Bakgrunn for søknaden er at Hagen ynskjer å få vinterveg fram til stølen. Eksisterande sumarveg kan ikkje brøytast fordi stølsvegen gjennom stølslaget blir brukt til skiløype.

Statskog reknar dette som grunndisponeringstiltak og ynskjer at søknaden blir behandla etter vanlege saksgang for grunndisponering i statsallmenning. Fjellstyret gir uttale til søknad om grunndisponeringstiltak.

Vestre Slidre kommune reknar dette som utbetring/vedlikehald av eksisterande landbruksveg og er derfor ikkje søknadspliktig etter PBL.




I sak gjorde fjellstyret følgjande vedtak:
*Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.*

Søknaden har lege ute til offentleg ettersyn og det har ikkje kome merknader til søknaden.

**Vedtak:**
Fjellstyret tilrår at Jan Erik Hagen får utbetre vegen i samsvar med søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.3.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jan Erik Hagen
Statskog
Vestre Slidre kommune